

Alver kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

12.05.21

Thomas Lindås
Eidavegen 357
5993 Ostereidet

Uttale til klage – gbnr 236/20 Askvik – dispensasjon

Det vert vist til oversendt klage frå Kålås Bygg AS datert 13.03.21. Vidare vert det vist til tidlegare nabomerknad i saka. Eg meiner det er nokre faktafeil i klagen samt uttale gjeve frå landbruksavdelinga som må kommenterast.

Forholdet til landbruksdrift og LNF føremålet i kommuneplanen

Eigar av gbnr 236/1 meiner at arealet har høgare landbruks messig verdig en det som går fram av klagen, uttale frå landbrukskontoret, samt gardskart.

Arealet på gbnr 236/1 som ligg rundt gbnr 236/20 vert i dag nytta til innmarksbeite. Eigar har dei siste åra sett opp nye gjerde rundt teigen, som er på om lag 30 dekar. Det vert og gjort kontinuerleg skogrydding på teigen for å auke beiteverdien. Teigen vert beita med villsauer året gjennom og har i dag eit tilpassa beitetrykk ut frå arealet. Etter kvart som beiteverdien aukar vil ein auke talet sauer for å halde vegetasjonen nede. Erfaringa viser at skot som kjem opp etter felling av lauvskog vert halde vekke av villsauene. Ein kjenner seg difor ikkje att i landbrukskontoret si vurderinga av at beitetrykket er for lågt på eigedommen. Som nemnt ligg teigen i dag som utmarksbeite i gardskart. Delar av arealet har tidlegare våre nytta til slåttemark og blitt hausta maskinelt samt våre gjødsla med husdyrgjødsel, også i nyare tid. Utløa som i dag står på gbnr 236/20, og tidlegare utløe sør for gbnr 236/20 var jo også plassert her fordi arealet var nytta til slåttemark.

Eigar av gbnr 236/1 er vidare i gang med å sette i stand gjerde på ein tilstøytane teig som og er på om lag 30 dekar, dette for å kunne veksle på beita og auke talet dyr, samt å på sikt kunne hauste delar av arealet rundt gbnr 236/20 til tilleggsforing om vinteren. Slik det er i dag må ein køyra til rundballar for å tilleggsfore om vinteren.

Det er sett i gang arbeid med å vinne att viktig landbruksareal på gbnr 236/1, samt auke drifta. Ein meiner det må vere klårt at eit fritt omsetteleg bustadhus midt inne i ein landbruksteig vil medføre utfordringar for framtidig landbruksdrift på gbnr 236/1.

Forholdet til tilkomstveg

Det er føreslått at tilkomstvegen til gbnr 236/20 kan stengast i kvar ende med ferist, og at dette vil kunne løyse utfordringa med at gbnr 236/1 sin teig vert delt i to. Eg deler ikkje denne oppfatninga. Som nemnt beiter det dyr her heile året og det vil såleis bli avføring frå dyr i vegen som skapar konflikt. Vidare er vegen særst bratt og det vil vere naudsynt med brøyting vinterstid for å halde

vegen open, noko som og vil skape utfordringar med bruk av ferister eller grind. Slik eg ser det vil teigen i praksis bli delt i to, noko som vil gjere at arealet på gbnr 236/1 i stor grad mister sin verdi som landbruksareal.

Forholdet til strandsona

Strandlinja på gbnr 236/1 består av svaberg og egner seg godt for bruk av ålmenta. Arealet er lett tilgjengeleg frå sjøsida. Arealet har då og våre nytta av ålmenta. Forbipasserande har overnatta i telt her, det har vert båtar som har lagt til for å grille, og det har våre kajakkpadlarar som har nytta svaberga til ein pust i bakken. I tillegg kjem både fastbuande og hytteeigarar sin bruk av området til rekreasjon og friluftsliv. At arealet ikkje har våre nytta er difor ikkje rett.

Eit eventuelt bustadhus på gbnr 236/20 vil få stor overhøgde og ha direkte innsyn ned på arealet som er naturleg å nytte til rekreasjon og friluftsliv. At tiltaket vil verke privatiserande på strandsona og hindre ålmenta sin bruk er difor klart slik eg ser det.

Oppsummering

Ein meiner det er klart at eit eventuelt bustadhus på gbnr 236/20 vil medføre negative konsekvensar for både strandsoneverdiane og landbruksdrifta. Bustadhuset vil vere fritt omsetteleg, og ein kan vanskeleg sjå at eventuelle servituttar skal kunne hindre dei negative verknadane. At tiltakshavar vil bygge eit miljøvennleg hus samt drive mikrolandbruk vil ikkje endre dei negative verknadene slik ein ser det.

Med helsing

Thomas Lindås